



Sunnfjord
kommune

Årsplan 2024

Vie barnehage



Innhald

Velkommen til Vie barnehage	3
Presentasjon av barnehagen	4
Om Vie barnehagen	4
Visjon for Vie barnehagen	4
Barnehagen sitt verdigrunnlag.....	5
Satsingsområde for barnehagen 2024.....	8
Medverknad	10
Barn.....	10
Foreldresamarbeid	10
Kontaktinformasjon til SU (samarbeidsutvalet).....	11
Tidleg innsats.....	12
BTI.....	12
Tryggleikssirkelen, som eit kart til å forstå barnet innanfrå	12
Toleransevindaug, eit nyttig verktøy	13
Overgangar	14
Før oppstart i barnehagen	14
Når barnet startar i barnehagen.....	14
Overgangar i barnehagen (byte av avdeling)	14
Overgang mellom barnehage og skule	15
Samarbeid	16
Samarbeid internt i barnehagen	16
Samarbeid med eksterne instansar	17
PPT	17
Foreldrerådgjeving	17
Barnevernet.....	17
Dokumentasjon og vurdering	18
Årshjulet i Vie barnehage.....	19
Viktige fristar i 2024	19
Vedlegg til årsplan 2024	20
Periodeplanar	20
Ferielappar.....	27

Velkommen til Vie barnehage

Vie barnehage har 80 unike barn fordelt på seks avdelingar. Vi har 25 erfarne, stabile og dyktige tilsette, som kvar dag jobbar for at foreldre, barn og kollegaer skal ha gode dagar.

Målet vårt er at alle barn skal:

- vere trygge og inkludert i fellesskapet
- bli sett og høyrte kvar dag
- få lære gjennom allsidig leik og aktivitetar



Vi jobbar aktivt for eit trygt og godt

- arbeidsmiljø og læringsmiljø for tilsette
- lærings- og aktivitetstilsette for barna
- samarbeid med foreldra.

Ut frå medarbeidarundersøkinga og brukarundersøkinga ser vi at både tilsette og foreldre er fornøgd med barnehagen.

Brukarundersøkinga hausten 2023 hadde ein svarprosent på 87.3%. Vi er ekstra stolt over at vi scorar høgt på punkta under:

- Eg opplev at barnet mitt føler seg trygg på personalet i barnehagen **4.9 av 5.0**
- Eg opplev at dei tilsette tek omsyn til behov hos barnet mitt **4.9 av 5.0**
- Eg har inntrykk av at barnet mitt trivst i barnehagen **4.9 av 5.0**
- Tilfredsheit i barnehagen **4.7 av 5.0**

Omgrepet tryggleik er sentralt i Vie barnehage. Barn må vere trygge for å lære og utvikle seg. Vi brukar derfor god tid på tilvenjing, overgangar og på å etablere godt samarbeid med foreldre. Barnehagen nyttar toleransevindaug og tryggleikssirkelen for å forstå barn og deira åtferd. Du kan lese meir om dette på side 12 og 13.

Barnehagen har ei flott foreldregruppe som er engasjerte og aktive. Vi har godt oppmøte på foreldremøte og andre arrangement i barnehagen. Vi har eit engasjert samarbeidsutval og foreldra har vore med å lage eit utruleg flott uteområde i barnehagen.

Eg er heldig som får vere leiar i ein så flott barnehagen. Om du har spørsmål er det berre å ta kontakt med oss. Vi er ein lærande organisasjon og kan alltid utvikle oss til å bli betre!

Ann Renate Helgås
Einingsleiar
Vie barnehage

Presentasjon av barnehagen

Barnehagen har 200% leiingsressurs:

- Einingsleiar Ann Renate Helgås 100%
ann.renate.helgas@sunnfjord.kommune.no
- Ass.einingsleiar Veronika Leknes Kalland 100%
veronika.leknes.kalland@sunnfjord.kommune.no

Om Vie barnehagen

Barnehage opna hausten 1979 med 48 plassar. Våren 2008 starta arbeidet med å byggje ein heilt ny barnehage, og i oktober/november 2009 flytta seks avdelingar inn i ny barnehage.

- Knoll og tott 3-6 år
- Ole Brumm 3-6 år
- Langbein 3-6 år
- Mikke 1-3 år
- Knøttane 1-3 år
- Trollungane 1-3 år

I 2021 fekk barnehagen midlar frå statsforvaltaren til å utbetre uteområdet. Det blei bygd takoverbygg over sandkassa og gapahuk på friområdet bak barnehagen. Personalet fekk opplæring i kor viktig fysisk aktivitet er for små barn.

Vie barnehage disponerer eit område på Tefre som vi kallar barnehageskogen. Her har vi ein naturleikeplass med gapahuk og ZIP line.

Visjon for Vie barnehagen

«Ei hand å halde i»

Her skal alle barn og foreldre/føresette bli møtt av engasjerte, aktive, anerkjennande, inkluderande og nære vaksne. I barnehagen skal det etablerast gode relasjonar, som fremmar positivt sjølvbilde, trivsel og læring. Personalet skal også vere støttande for kvarandre, samt hjelpe og rettleie kvarandre.



Barnehagen sitt verdigrunnlag

I Vie barnehage skal personalet ivareta barna sitt behov for omsorg og leik, samt fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling (Rammeplanen, 2017).

Barnesyn og verdiar

Alle barn

- er like mykje verd
- har evner og ferdigheiter som dei skal få nytte og utvikle
- lærer av andre og lærer vekk til andre
- treng varme og omsorg
- treng å oppleve fellesskap med andre barn

Omsorg

I barnehagen skal omsorg skape tryggleik.

Alle barn

- er unike og skal bli møtt ut i frå individuelle behov
- skal bli anerkjent
- skal oppleve støtte i aktivitetar slik at dei utviklar tillit til seg sjølv og andre
- skal få oppleve humor og glede

Vaksne skal

- skape trygg tilknytning og gode relasjonar
- vere større, sterkare, klokare og god (jf. tryggleikssirkelen)
- leggje til rette for at alle barn er inkludert i fellesskapet og leik/ aktivitetar
- hjelpe barna til å skape positive relasjonar

Leik

Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen.

I Vie barnehage skal leiken

- vere ein arena for utvikling, læring, sosialt og språkleg samhandling
- gje rom for at barna kan bearbeide kjensler og opplevingar
- vere prega av inkludering, fellesskap og skape gode relasjonar

Vaksne skal

- gje tid og rom til leiken
- vere tilgjengelege og aktive
- støtte barna i leik både inne og ute



Læring

Alle barn skal ha tru på seg sjølv og eigne evner – vere stolt av kven dei er og kva dei kan.

I Vie barnehage skal alle barn

- vere trygge i miljøet sitt og få kjensle av å vere viktige
- få støtte og utfordringar på ulike område ut i frå sine interesser og ferdigheiter
- få oppleve glede og meistring gjennom eiga utforsking
- ha venskap og gode relasjonar med store og små på avdelinga og i barnehagen
- få bruke alle sansane sine
- få stille spørsmål og undre seg saman med vaksne
- møte aktive og nysgjerrige vaksne som gler seg saman med barna i deira utvikling
- få oppmuntring og ros

Sosial kompetanse

«Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre og omfattar ferdigheiter, kunnskapar og haldningar som blir utvikla gjennom sosialt samspel» (Rammeplan, s. 22)



Sosial kompetanse handlar om:

- **Sjølvkjensle:** å oppleve eigenverdi
- **Empati:** å vise medkjensle
- **Prososial åtferd:** å ha positive, sosiale haldningar, vise omsorg til andre
- **Sjølvhending:** å kunne hevde seg sjølv på ein god måte, delta og inkludere andre
- **Sjølvkontroll:** å kunne tilpasse seg ulike situasjonar, takle konflikhtar, turtaking
- **Leik, glede og humor**

I Vie barnehage skal personalet:

- lage gode rutinar og organisere dagen slik at alle barn får positiv kontakt med andre barn og vaksne
- hjelpe barna i sjølvregulering og konflikthandtering
- hjelpe barna å inkludere kvarandre i leik
- nytte pedagogiske verktøy som tryggleikssirkelen, toleransevindaugget og relasjonskartlegging
- forstå, tolke og støtte barnet sitt behov

Inkludering

I Vie barnehage skal alle barn bli sett, høyrte og få delta i leik. Kvart enkelt barn skal kjenne tilhøyrslse og oppleve at dei er viktige for fellesskapet. I arbeidet med å fremje eit inkluderande barnehagemiljø er omgrepa likestilling og likeverd viktige.

«Barnehagen skal fremje likeverd og likestilling uavhengig av kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, etnisitet, kultur, sosial status, språk, religion og livssyn» (Rammeplan, s. 10).

I Vie barnehage skal alle barn

- bli sett, høyrte og få delta i leik
- kjenne tilhøyrslse
- oppleve at ein er viktige for fellesskapet

For å vere ein inkluderande barnehage har vi følgjande hovudmål:

- Alle barn, føresette, studentar, tilsette og vikarar skal kjenne seg velkommen, inkludert og respektert.
- Vie barnehage skal førebygge og stoppe krenkande åtferd og mobbing.

Viktige tiltak i dette arbeidet er

- eit godt foreldresamarbeid prega av gjensidig tillit og respekt.
- vaksne som er nære barna og aktive i samspel.
- å styrkje personalet sin kompetanse med relasjonsarbeid.



Satsingsområde for barnehagen 2024

Fagområda speglar område som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder. Alle fagområda blir arbeidd med i dei ulike satsingane som barnehagen har.

«Fagområda skal bidra til å fremje trivsel, allsidig utvikling og helse. Barnehagen skal sjå fagområda i samanheng og dei skal vere ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen» (Rammeplanen, s.47).

Dei sju fagområda i Rammeplanen i bilete:

**Kropp, rørse,
mat og helse**



**Kunst, kultur
og kreativitet**



**Kommunikasjon,
språk og tekst**



**Mengd, rom
og form**



**Natur, miljø
og teknikk**



**Nærmiljø og
samfunn**



**Etikk, religion
og filosofi**



Årets satsingsområde/ tema og fagområde

Kommunikasjon, språk og tekst	Karneval med tema Astrid Lindgren
Kropp, rørsle, mat og helse	Kroppen min, allsidige rørsleerfaringar, mat, helse og vår
Avskjed og førebu ny start	Sommar, starte og slutte i barnehagen, og overgang til ny avdeling
Tilvenjing, tryggleik og venskap	Å byrje og slutte i barnehagen
Likeverd, inkludering og respekt	FORUT i oktober og november
Høgtid og tradisjonar	Undring og ulike juletradisjonar

For meir informasjon om satsingsområda – sjå vedlegg

Hjartesamling

Hjartesamling er eit pedagogisk verktøy tilpassa barn i barnehagealder. Det er bygd på Nok. sin modell for undervisning i grunnskulen, og utvikla gjennom eit samarbeid mellom Nok. Troms og Strandkanten FUS barnehage i Tromsø.

Målet er å undervise tilsette, motivere og gje barn reiskap til å kunne sette ord på det dei opplev. Barn blir oppfordra til å fortelje til nokon, og ein gjer dei bevisste på at deira tankar og kjensler er viktige.

Barnehagen arbeider med tema kvar haust og slik jobbar vi:

1-3 år

- Bevisstgjeriing kring eigen kropp. Setje ord på kroppsdelar
- Lære om ulike kjensler og bekrefte kjensler i ulike situasjonar
- Lære å kjenne sine og andre sine grenser
- Lære å seie «stopp» og respektere «stopp»

4-6 år

- Følgjer opplegget til Nok. og går gjennom fem tema på samlingar (berøring, kjensler, venskap, kroppen og hemmelegheiter)
- Etterarbeid etter kvar samling. Døme: teikning og maling
- Bruker støttemateriell frå barnas verneombod (PBL)
- Bevisstgjeriing kring eigen kropp
- Lære å kjenne sine og andre sine grenser
- Lære å seie «stopp» og respektere «stopp»



Medverknad

Barn

Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagen si daglege verksemd (Lov om barnehagar §3).

- Barns medverknad handlar om at barna skal ha innflytelse på kvardagen sin, med eigne interesser og behov.
- Kvart enkelt barn skal bli sett, høyrte og tatt på alvor uansett alder.
- Barns medverknad skal vise igjen i planar og evaluering i barnehagen.



Foreldresamarbeid

«Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barnas behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling, jf. barnehagelova §1» (Rammeplan, s. 29).

Eit godt foreldresamarbeid er viktig for oss. I barnehagen har vi ulike møteplassar:

- Dagleg kontakt – bli møtt av personalet ved levering og henting
- Nybyrjarsamtale – før barnet startar i barnehagen
- Foreldresamtale – ein gong pr. år, eller fleire ved behov
- Foreldremøte – ein/ to pr. år
- Sosiale arrangement – påskefrukost, sommarfest og FN-arrangement
- Foreldredugnad – frivillig å delta på arbeidsoppgåvene som blir sett opp

Foreldre sine forventingar til barnehagen

- Kvalifisert og tilstrekkeleg personalet på alle avdelingane
- Personalet skal
 - sjå individuelle behov til kvart enkelt barn
 - skape tryggleik for barna gjennom faste rutinar og positive aktivitetar
 - legge til rette for godt leikemiljø ute og inne
 - møte oss i garderoben og legg til rette for ein positiv og informativ dialog ved henting og levering
 - hjelpe barnet til å fungere sosialt og passe på at alle er inkludert i leiken
 - legge vekt på god kommunikasjon mellom barn - barn, barn - vaksne og vaksne - vaksne
 - vere opne for konstruktive tilbakemeldingar

Barnehagen sine forventingar til foreldre

- Vise interesse for kva barnet har gjort i barnehagen.
- Dele informasjon som kan prege barnehagekvardagen til barnet. Døme: mor/far er vekke på jobb, matlyst, dårleg søvn, flytting og liknande.
- Delta på foreldresamtalar, foreldremøte og arrangement i barnehagen.
- Lese informasjonen som blir sendt ut.
- Gje ris og ros, samt andre tilbakemeldingar.

Kontaktinformasjon til SU (samarbeidsutvalet)

I SU sit styrar, to tilsette i barnehagen, foreldrerepresentantar og eigarrepresentant. Ta kontakt med SU dersom det er saker du ynskjer å melde.

Knoll & Tott

- 1. representant og leiar i SU: Hogne Solheim-Olsen
E-post: Hogneolsen@hotmail.com / tlf.: 97 54 28 00
- Vara: Anne Mari Indrebø

Ole Brumm

- 1. representant og nestleiar i SU: Glenn Nydal Eliassen
E-post: glenn_n_eliasen@hotmail.com / tlf.: 99 45 48 88
- Vara: Aleksander Isaksen Dahl

Trollungane/ Knøttane:

- 1. representant: Endre Fure Bortne
E-post: ebo031@gmail.com / tlf.: 92 69 25 23
- Vara: Stig Myrmel

Mikke/ Langbein:

- 1. representant: Joar Andre Friborg
E-post: joar.friborg@gmail.com / tlf.: 90 20 01 95
- Vara: Kristian Hjetland
- Vara: Fride Kirkebø

Tilsettere representantar

- Anne Randi Skaflestad
- Ingelin Grytten

Eigarrepresentant – politikar

- Gunn Merete Paulsen (V)
- Vara: Bjarte Buttedal (INP)



Tidleg innsats

BTI

- BTI (betre tverrfagleg innsats for barn og unge) skal sikra at barn og unge får den oppfølginga og hjelpa dei treng gjennom eit samarbeid mellom familien og kommunen.
- Gå inn på [Sunnfjord kommune](#) si heimeside for meir informasjon om samarbeidspartar, tenestetilbod og tiltak.



Ulike metodar for observasjon og kartlegging:

- TRAS (tidleg registrering av språk).
- Skriftlege observasjonar av språk, motorikk og sosial kompetanse.
- Alle Med.

Tryggleikssirkelen, som eit kart til å forstå barnet innanfrå

Omsorg er ein føresetnad for at barn skal vere trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærlig.


I barnehagen skal alle barn oppleve

- at dei blir sett
- forstått
- respektert
- får hjelp og støtte

Vi brukar tryggleikssirkelen som utgangspunkt for å forstå barna. Modellen på neste side kan forklarast slik:


- Øvst på «sirkelen» illustrerer utviklingssystemet. Barn har behov for å undersøke og meistre verda. Dei treng nære vaksne som støttar og hjelper ved behov.
- Nedst på «sirkelen» illustrerer tilknytningssystemet. Barn har behov for beskyttelse, trøyst, og godheit frå vaksne. Dei treng at vaksne set ord på kjenslene deira.
- Hendene på «sirkelen» illustrerer omsorgssystemet. Vaksne i barnehagen eller foreldre skal alltid vere større, sterkare, klokare og god. Barn treng vaksne som syner forståing for deira emosjonelle uttrykk, og vaksne som beheld godheit i grensesetjing.

Tryggleikssirkelen



Toleransevindauge, eit nyttig verktøy

Alle menneske har toleransevindauge. Det er i den grønne sona ein er trygg og kan utvikle seg og lære. Viktig at vaksne set ord på kjenslene til barna og lære barn strategiar for å komme seg tilbake til toleransevindauget sitt.



Overgangar

Før oppstart i barnehagen

Vi legg vekt på å skape gode relasjonar til barnet og foreldre før oppstart. På våren/ sommaren vil dykk få tilsendt informasjon og invitasjon til:

- besøk hos oss
- nybyrjarsamtale
- foreldremøte i juni
- informasjonsskriv i juli



Når barnet startar i barnehagen

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet skal få ein trygg og god start i barnehagen. Det betyr mykje for den framtidige kontakten mellom barnet, føresette og personalet at tilvenjinga er basert på tillit, og god gjensidig informasjon.

Vi ser gjerne at foreldre set av minimum tre dagar til tilvenjing. Den fyrste dagen er det naudsynt at foreldra er i barnehagen saman med barnet. I samråd med personalet kan de avtale når, og kor lenge de vil la barna vere åleine dei neste to dagane. Om det er mogeleg, kan det vere godt for barnet å ha korte dagar i byrjinga.

I barnehagen skal kvart barn få ein primærkontakt

- Primærkontakten skal skape tryggleik og vere nær barnet den første tida.

Overgangar i barnehagen (byte av avdeling)

Personalet skal sørge for at barn og foreldre får tid og rom til å bli kjend på den nye avdelinga.

- I mai og juni startar vi å førebu barna til overgangen til stor avdeling.
- Vi pratar om den nye avdelinga og går på besøk saman med trygge vaksne.
- Barna får bilete frå den nye avdelinga med heim.
- Foreldre og barn får tilbod om å besøke den nye avdelinga.
- Barna blir kjent med Hasse Hare, som blir med dei over til stor avdeling.



Overgang mellom barnehage og skule

Siste år i barnehagen blir barna med på ei førskulegruppe der gruppa:

- har ein fast dag i veka med ulike skuleførebuande aktivitetar.
- går på bading i Førdehuset.
- blir kjent med [Frode Laks](#).



Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for at barnet skal få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule.

- Sunnfjord kommune har utarbeidd egne rutinar for samarbeid barnehage – skule.
- Foreldresamtale kvar vår innan 10. mai.
- Overførings skjema for kvart einskild barn frå barnehagen til skulen.
- Barnehagen besøker dei aktuelle skulane.
- Evalueringsmøte i november kvart år der vi drøfta tiltak for å gjere overgang til skulen positiv for både barn og foreldre.



Samarbeid

Samarbeid internt i barnehagen

Vi er ein 6-avdelings barnehage som legg vekt på eit nært samarbeid på tvers av modulane/ avdelingane.

- Felles periodeplanar. Sjå vedlegg.
- Hjelp og rettleie kvarandre ved behov.
- Besøk og bli kjent med ny avdeling før overgangen frå liten til stor avdeling.
- Hasse hare – bamsen vår som er med i overgangen frå liten til stor avdeling.

- Felles arrangement i heile barnehagen
 - Fellessamling
 - Karneval
 - Nissefest
 - Sommarfest
 - Forut-aksjon og barneløp

- Felles turar på tvers i barnehagen
 - Gymsal på Solvang
 - I nærområdet
 - Førskulegruppe og bading
 - Biblioteket

- Samarbeid på modulane
 - Felles frukost
 - Hjelp kvarandre

- Felles utviklingsarbeid
 - Kjøkkenhage
 - Uteleik
 - Inkluderande barnehagemiljø
 - Hjartesamling

- Regionale kompetansemidlar
 - Barnehageåret 2024 har vi fått 231 000 kroner i regionale kompetansemidlar frå statsforvaltaren i Vestland, som vi skal bruke på utviklingsarbeid i heile personalgruppa.
 - Hovudmålet er kvalitet og skal sikre at alle barn opplever den kvaliteten som rammeplanen og lovverket skildrar.
 - Kvalitet handlar om dei vaksne og då er kompetanseheving viktig.
 - Vår barnehage har mellom anna valt å lære meir om korleis alle barn skal få ei god språkutvikling.



Samarbeid med eksterne instansar

PPT

Pedagogisk psykologisk tenestekontor og kompetanseteam er ein samarbeidsinstans for foreldre og barnehage. PPT kan

- hjelpe og rettleie dersom foreldre og/eller personalet er bekymra for barnet si utvikling.
- kartlegge barnet sine vanskar og behov, rettleie og bidra til å finne riktige tiltak for kvart enkelt barn.

Framgangsmåte når barn treng ekstra hjelp og støtte:

- Drøfte problemstillinga med foreldre.
- Observasjon i ulike situasjonar.
- Setje i verk tiltak. Døme: språkgrupper, leikegrupper, ein-til-ein trening og liknande.
- Tiltaka skal tilpasse barnet sine behov, vere motiverande og positive.
- Personalet skal dokumentere og evaluere tiltaka i samråd med foreldre.
- Dersom tiltaka ikkje er tilfredsstillande må barnehagen i samråd med foreldre vurdere tilvising til PPT.

Foreldrerådgeving

Sunnfjord kommunen har rådgjevarar og terapeutar med kompetanse i foreldrerettleing:

- TIBIR (Tidleg innsats for barn i risiko)
- PMTO (Parent management training Oregon)
- COS (Circle of security/ Tryggleikssirkelen)

TIBIR og PMTO er eit lågterskeltilbod som kan hjelpe foreldre med ulike utfordringar i familien. Døme: barna viser overdriven sutring, sinne, er trassige, urolege, krangler, utfordring med måltid, påkledning, legging.

- Styrar, Ann Renate og assisterande styrar, Veronika, i Vie barnehage har TIBIR-utdanning. Ta kontakt dersom de ynskjer meir informasjon eller rettleiing.

Barnevernet

Samarbeidsinstans for foreldre og barnehage som kan gje tilbod om:

- Foreldrerådgeving, avlastning i besøksheim, støttekontakt, tilbod om aktivitetar på fritid/ ferie.
- Driv tverrfagleg samarbeid og bidreg til at barna sine interesser vert ivaretatt i barnehagen og hjå andre instansar.

Dokumentasjon og vurdering

Dokumentasjon av vårt pedagogiske arbeid handlar om å planlegge, vurdere og utvikle oss. I Vie barnehage dokumenterer vi vårt arbeid gjennom

- TRAS (tidleg registrering av språkutvikling)
- Månadsskriv til føresette
- Visma barnehage
- Bilete

Systematisk vurdering er utgangspunkt for vidare planlegging og gjennomføring i barnehagen. Vi evaluerer vår praksis ved å gi tilbakemelding på kva som er bra, og kva vi kan gjere annleis:

- på personalmøte, planleggingsdagar, foreldremøte og tradisjonar i Vie (nissefest, karneval, påskefrukost, sommarfest).
- gjennom medarbeidar- og foreldreundersøkingar.
- gjennom observasjon av enkeltbarn sin trivsel og allsidige utvikling. Observasjonane blir utgangspunkt for korleis vi best kan hjelpe barna.
- gjennom praksisforteljingar og refleksjon.



Årshjulet i Vie barnehage

6. februar	Markering av Same-folkets dag
14. februar	Karneval med tema Astrid Lindgren
12. mars	Barnehagedagen med tema «Stedet mitt»
22. mars	Påskefrukost
15. mai	17.mai-tog med Hatlehaugen barnehage
6. juni	Sommarfest i barnehagen
19. august	Nytt barnehageår
24. oktober	FN-dagen og foreldrekafé
13. desember	Lucia
17. desember	Nissefest

Vi markerer merkedagar til religionar som er i barnehagen



Viktige fristar i 2024

1. februar	Frist for å søkje om endra opphaldstid
1. februar	Frist for å søkje barnehageplass
6. mars	Frist for tilbakemelding om påskeferie
11. april	Frist for tilbakemelding om sommarferie
15. november	Frist for tilbakemelding om juleferie
Planleggingsdagar	Heimeside Sunnfjord kommune



Sunnfjord
kommune

Vedlegg til årsplan 2024

Periodeplanar



Periodeplan for januar og februar 2024

Årets karneval er: onsdag 14. februar

Tema: Kommunikasjon, språk og tekst som fagområde og Astrid Lindgren som tema.

Mål for perioden:

- Bli kjend med forfattere Astrid Lindgren og forteljingane om Emil og Pippi
- Oppleve og utforske leseglede i forteljingane gjennom høgtlesing, dramatisering, bilete og musikk
- Tilrettelagt leikemiljø for rolleleik ut frå forteljingane
- Barna skal vere medskapande i prosessen

Nøkkelord for perioden:

- Forfattar
- Gardsliv
- Familie
- Dyr

Slik jobbar vi på avdelingane:

- Jobbe med nøkkelord, musikk og song med tema frå Emil og Pippi
- Språkstimulering og visuell vising av forteljingane
- Lage leikemiljø på avdeling/ modul knytt til tema
- Undre seg saman med barna
- Fellessamling på tvers av avdelingane
 - Førskulegruppa skal framføre eit opplegg på karnevalsdagen



**Forfattere
Astrid Lindgren**

**Emil i
Lønneberget**



**Pippi
Langstrømpe**



Periodeplan for mars, april og mai 2024

Tema: kropp, rørsle, mat og helse

Mål for perioden:

- Oppleve trivsel, glede og meistring ved allsidige rørsleerfaringar
- Jobbe for eit inkluderande miljø som vil fremje god fysisk og psykisk helse
- Frå jord til bord
- Få innsikt i kvar maten kjem frå
- Sunn og variert mat
 - Trivsel rundt matbordet

Nøkkelord for perioden:

- Mat/ matglede
- Kjøkkenhage
- Vår
- Rørsle
- Høgtid

Slik jobbar vi på 1-3 års avdeling:	Slik jobbar vi på 3-6 års avdeling:
<ul style="list-style-type: none"> • Gje barna allsidige rørsleerfaringar • Dyrke eigen mat i kjøkkenhagen vår • Markere påske og 17. mai • Les i serien med venne-bøker på samling og avdeling 	<ul style="list-style-type: none"> • Gje barna allsidige rørsleerfaringar • Regelleik • Dyrke eigen mat i kjøkkenhagen vår • Markere påske og 17. mai • Les i serien med venne-bøker på samling og avdeling



Periodeplan for juni og juli 2024

Tema: Overgang og sommar

I barnehagen skal alle barn få erfare å vere viktige for fellesskapet, og vere i positivt samspel med barn og vaksne. Eit aktivt og tydeleg personale er viktig for å skape eit inkluderande og sosialt miljø.

Mål for perioden:

- Alle barn skal få ei god avslutning og ein god start i Vie barnehage
- Førebu barna til å ta imot nye barn
- Bli kjend med barn og vaksne på ny avdeling
- Undre seg over korleis naturen endra seg



Nøkkelord for perioden

- Tur
- Ferie
- Besøk
- Insekt
- Musikk
- Sansar

Slik jobbar vi på 1-3 års avdeling:	Slik jobbar vi på 3-6 års avdeling:
<ul style="list-style-type: none"> • Dele i grupper i tilvenjingsperioden • Bruke god tid og snakke om overgangen og den nye avdelinga • Gå på besøk og bygge fellesskap med barn og vaksne på ny avdeling • Ha avslutningsfest for dei som skal skifte avdeling/ slutte • Bli kjent med bamsen «Hasse Hare» og songane han har i sekken sin 	<ul style="list-style-type: none"> • Dele i grupper når nye barn kjem på besøk • Oppmuntre barn til å inkludere nye barn i leik • Markering for barn som skal byte barnehage eller begynne på skulen • Markering på sommarfesten for barn som skal byrje på skulen, og sluttar i barnehagen • Avslutningskveld og skulebesøk for førskulebarna • Gå på besøk på skulane i nærområdet og/ eller sjå på bilete av «min skule» • Bli kjent med fisken «Frode Laks» og bli kjend med forteljingar og songar.

Periodeplan for august og september 2024

Tema: Tilvenjing, tryggleik og venskap

Å byrje i barnehagen eller på ny avdeling kan vere kjekt, spennande og utfordrande for barna. Det kan vere ein stor overgang både for nye og gamle barn, samt foreldre. Vi arbeider med å trygge barna og foreldre.

Mål for perioden:

- Å bli kjend med barn og foreldre – ulike behov, rutinar og interesser
- Dele barnegruppa i mindre grupper
- Ha faste rutinar og reglar som gjev ein føreseieleg kvardag

Nøkkelord for perioden

- Kjensler
- Familie
- Leik

Personalet skal:

- syte for at kvart barn blir sett og høyrte, og kjenne seg trygge i barnehagen
- legge til rette for at alle har nokon å leike med

«Omsorg er ein føresetnad for at barn skal vere trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærlig. I barnehagen skal alle barn oppleve at dei blir sett, forstått og respekterte, og få den hjelpa og støtta dei har behov for» (rammeplan s. 19).

Slik jobbar vi på 1-3 års avdeling:	Slik jobbar vi på 3-6 års avdeling:
<ul style="list-style-type: none"> • Alle nye barn får ein primærkontakt. • Dele barnegruppa i mindre grupper. • Nytte tryggleikssirkelen og tolke barn sine uttrykk og signaler, sette ord på kjenslene. • Anerkjenne kjensler i staden for å avleie. • Dei vaksne er nære i kvardagen og prøver å oppfylle kvart enkelt barn sine behov. • Dei vaksne gjev nærleik, trøyst og oppmuntring. • Gje barna passelege utfordringar og støtte • Synge namnsongar og sjå på bilete av familien 	<ul style="list-style-type: none"> • Alle nye barn får ein primærkontakt. • Dele barnegruppa i mindre grupper. • Nytte tryggleikssirkelen og tolke barn sine signaler, sette ord på kjenslene deira og anerkjenne dei. • Dei vaksne skal gje nærleik, trøyst og oppmuntring. • Skape trygg, god og positiv atmosfære. • Samling: namnesongar, forteljingar om å vere ny i barnehagen og kjensler. • Oppmuntre dei eldste barna til å vere gode rollemodellar. • Jobbe med Hasse Hare • Lese eventyret: «Skilpaddebabyen som blei forlatt»

Periodeplan for oktober og november 2024

Tema: Likeverd, inkludering og respekt

Mål for perioden:

Barna skal

- bli kjend med ulike religionar og livssyn
- utvikle interesse og respekt for kvarandre
- forstå verdien av likskap og ulikskap i eit fellesskap

Personalet skal

- bidra til å utvikle barnas toleranse, interesse og respekt for kvarandre.
- invitere til ulike typar samtalar der barna får fortelje, undre seg, reflektere og stille spørsmål

Nøkkelord for perioden

- Lik og ulik
- Tradisjon
- Land
- Flagget
- Kultur

Kva er FORUT?

- Barneaksjon med eit pedagogisk opplegg der barn i Noreg lærer om barn i andre land

Slik jobbar vi med FORUT på avdelingane:

- FORUT gir kunnskap om globale forskjellar, ulikskap og samanhengar på eit nivå som barna forstår og synast er spanande
- Samlingsstunder med eventyr og songar frå ulike land
- Forming og matlaging
- Barneløp
- FN-kafé med foreldre

Barnehagen samlar inn pengar som går til barneaksjonen og fadderbarnet vårt. I 2023 arrangerte barnehagen FN-kafé og samla inn 2990 kroner, i tillegg hadde vi barneløp og samla inn 3441 kr via Vipps til Forut. Tusen takk til dykk foreldre 😊



Tom som Monki på barneløpet vårt



Fadderbarnet vårt – Anyely Adriana Bobadilla

Ho er fødd i 2010 og kjem frå Honduras. Ho bur saman med mor si i nærleiken av Santa Barbara. Morsmålet hennar er spansk.

Periodeplan for desember 2024

Tema: Høgtid og tradisjonar

Årets nissefest er: Tysdag 17. desember

Mål for perioden:

- Personalet skal gje barna felles opplevingar med utgangspunkt i juletradisjonar
- Fokus på ro, undring og fellesskap
- Utvikle openheit og respekt for at vi feirar jul på ulikt vis, og at ikkje alle feirar jul

Nøkkelord for perioden

- Lys
- Nisse
- Snø
- Bake

Slik jobbar vi på 1-3 års avdeling:	Slik jobbar vi på 3-6 års avdeling:
<ul style="list-style-type: none"> • Adventssamling kvar dag i desember • Samlingsstunder med songar og juleforteljingar • Kyrkjevandring med 2-åringane • Julebakst og juleverkstad • Lucia: bakar og får besøk av Luciatog 	<ul style="list-style-type: none"> • Adventssamling kvar dag i desember • Lære om kvifor nokre av oss feirar jul • Kyrkjevandring • Formidle gamle og nye juleforteljingar • Markering av Luciadagen med Luciatog og lussekattar • Julebakst og juleverkstad • Juletrehogst og framsyning på nissefesten for førskulebarna



Ferielappar

Registrer ferien i Visma barnehage eller riv ut ein lapp og lever på avdeling, eller pr. e-post til:

- Einingsleiar: ann.renate.helgas@sunnfjord.kommune.no
- Ass. einingsleiar: veronika.leknes.kalland@sunnfjord.kommune.no

Jula 2024, svarfrist 15.november: Vi ynskjer oversikt over kven som kjem i barnehagen i jula 2024. Dette for at vi skal ha høve til å avvikle ferie for personalet. I samråd med samarbeidsutvalet er det vedtatt å ha bindande påmelding. **Skriv X på det som gjeld for dykk:**

Fredag 20.12.24	Måndag 23.12.24	STENGT	Fredag 27.12.24	Måndag 30.12.24	STENGT
KJEM I BHG: FRI:	KJEM I BHG: FRI:	Tysdag 24.12.24 Onsdag 25.12.24 Torsdag 26.12.24	KJEM I BHG: FRI:	KJEM I BHG: FRI:	Tysdag 31.12.24

Namn på barnet:

Dato:

Underskrift:

Sommarferien 2024 - svarfrist: 11.april. I samsvar med Sunnfjord kommune sine vedtekter skal barn ha «ferie i 3 samanhengande veker i perioden 1.juni – 1.september, jamfør punkt 7 i vedtektene om betalingsfri i august». **Skriv X på dei vekene barnet skal ha ferie:**

VEKE & DATO	23 3.-9. Juni	24 10.-16. Juni	25 17.-23. Juni	26 24.-30. Juni	27 1.-7. Juli	28 8.-14. Juli	29 15.-21. Juli
VEKE & DATO	30 22.-28. Juli	31 29.Juli – 4. Aug.	32 5.-11. Aug.	33 12.-18. Aug.	34 19.-25. Aug.	35 26.Aug. – 1.Sep	

Namn på barnet:

Dato:

Underskrift:

Påska 2024, svarfrist: 6.mars. Skriv X på det som gjeld for dykk:

Måndag 25.03.24	Tysdag 26.03.24	Onsdag 27.03.24
KJEM I BHG: FRI:	KJEM I BHG: FRI:	KJEM I BHG: FRI:
Vanleg opningstid	Vanleg opningstid	Ope kl. 07.00 – 12.00

Namn på barnet:

Dato:

Underskrift:

Visjonen til Vie barnehage

Ei hand å halde i

